



Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Vår dato:

27.01.2022

Vår ref:

2021/17658

Dykkar dato:

13.12.2021

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Oppstartsmelding - framlegg til planprogram - Masfjorden - Hosteland Vest - detaljregulering

Vi viser til brev frå kommunen datert 13.12.2021. Saka gjeld oppstart og høyring av planprogram for reguleringsplan for Hosteland Vest. Føremålet med planarbeidet er å regulera inn bustadtomter med tilhøyrande veg, infrastruktur, leikeareal, friluftsområde og småbåthamn med vidare.

Det skal utarbeidast konsekvensutreiling på temaa naturresursar, friluftsliv/by- og bygdeliv og landskapsbilete.

Statsforvaltaren sine merknader

Vi forstår det slik at planforslaget vil vere delvis i samsvar med overordna plan. Det ser ut som tilkomstveg, småbåthamner med tilkomstveg og deler av nokon bustadtomter vil vere i strid med overordna plan.

Strandsone

Statsforvaltaren er i utgangspunktet kritisk til planarbeid som ikkje er i samsvar med overordna plan. Småbåthamnene med tilkomstveg og bustadtomter som delvis ligg i strid med byggegrense mot sjø, kan vere i strid med nasjonale omsyn i strandsona.

Vi viser til statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø:

«Avklaring av arealbruk i strandsonen skal skje gjennom planlegging, og ikke gjennom enkeltvise dispensasjoner. Dette gjøres først og fremst i kommuneplanens samfunns- og arealdel. Kommunene skal legge retningslinjene til grunn i planarbeidet og vurdere strandsonen i et helhetlig og langsigkt perspektiv.»

Planlegging i strid med overordna plan, vil på same måte som dispensasjonar, gjere det vanskeleg å planlegge heilskapleg og langsigkt i strandsona. Statsforvaltaren er særleg kritisk til at det vert planlagt for to område for småbåthamn i reguleringsplanen, i strid med både formål og byggegrense mot sjø. Det er konkret satt eit grønt belt mellom bustadområdet og sjøen og vi vurderer i utgangspunktet at dette må respekterast av omsyn til grønstruktur, landskap, friluftsliv og oppleveling av strandsona. Det er allereie regulert for småbåthamn/anlegg to andre stader i Hostelandsosen, og



spreidde småbåtanlegg langs heile osen vil kunne vere uehdlig for friluftsliv og landskap. Vi rår i utgangspunktet ifrå å gå vidare med regulering av småbåthamner i strandsona her.

Hostelandsosen er registrert som del av eit viktig friluftsområde, som er brukt mye til båtliv. Det er viktig at landskapet sett ifrå sjø vert vurdert og tatt omsyn til i planlegginga.

Vassdrag og naturmangfald

Det ligg vassdrag i planområdet. Dette må takast omsyn til i planlegginga. Vi minner mellom anna på at kantvegetasjon i utgangspunktet ikkje skal fjernast jf. vassressurslova § 11. Det ser ut til at vassdraga er for bratt til at det går sjøaure opp her, men det er mogleg det kan vere ål her. Vi rår til at ein i minst mogleg grad gjer inngrep i vassdraget.

Vi minner elles om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova. Det må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

Barn og unge og folkehelse

Alle planar skal fremme helse i befolkninga og motverke sosiale helseforskjellar, jf. pbl § 3-1 bokstav f. Planlegginga skal vere helsefremmende gjennom å fremme faktorar som styrker helsa og livskvalitet, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova § 4. Det skal såleis gjerast ei vurdering av konsekvensar for folkehelsa i all planlegging.

Eit sentralt element i folkehelsesatsinga er å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve, jf. pbl § 3-1 bokstav e.

I bustadplanar som dette er det viktig at planen sikrar gode møteplassar for alle og gode leikeareal for barn. Barn skal ha areal i nærmiljøet der dei kan utfalte seg og skape sitt eige leikemiljø. For å få det til må ein ha tilstrekkeleg store areal som eignar seg for leik og opphold og som gir høve til ulike typar leik til ulike årstider. Areala må vidare kunne brukast av ulike aldersgrupper og gi høve for samhandling mellom barn, unge og voksne. Areal og anlegg som skal brukast av barn og unge, skal vera sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare.

Statsforvaltaren minner elles om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd.

For å sikre god framdrift i planprosessane delta Statsforvaltaren gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet !

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN